

NR. 2 – DESEMBER 2025 | 30. ÅRGANG



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES



Gledeleg jul!

Vike kyrkje
Foto: Asbjørn Gislås

HOSIANNA!

Av domprost Grethe Lystad Johnsen

*Deg vi lovsynger, ærer,
Jesus, de fattiges konge.
Hosianna vi nå
synger som barna en gang.
Du er ventet av alle,
du er vår bror, du er Herren,
Ingen var eller er
elsket, velsignet som du.*

– Anders Frostenson

Første søndag i advent overrasker oss med en noe uventet bibelfortelling. Midt i en tid preget av lys, varme og forventning – hvor vi ser frem mot barnet i krybben – får vi høre om Jesu inntog i Jerusalem. Fortellingen hører hjemme på palmesøndag, ved inngangen til påsken, men vi leser den allerede nå.

Inntoget må ha vært et spennende skue: En mann på et esel, mennesker som roper og synger, palme-greiner og kapper på veien, barn og voksne, forventning og forvirring. Kanskje var det ikke så uvanlig med slike scener den gang, men i vår tid virker det fremmed. Eller kanskje ikke?

Det er noe i denne bevegelsen som likevel føles gjenkjennelig. Mennesker som strømmer sammen. Som kommer fra ulike steder, men samler seg der det skjer noe viktig. Det ligner litt på en gudstjeneste – fullt av liv, store og små, sang og fellesskap. Og midt i alt – der finner vi Jesus.



Når vi leser denne teksten på første søndag i advent, minner den oss om hvem vi venter på. Ikke bare et lite barn, men en annerledes konge. En som kommer lavmælt, men med et budskap som bærer. En konge for alle – ikke bare de sterke, men også de sårbare.

Derfor stimler vi sammen i adventstiden. Vi fyller kirkene, tenner lys, synger gamle sanger. Vi kommer fra ulike liv, med ulike erfaringer og bakgrunner. Vi er ikke alltid enige. Kanskje kjenner vi ikke hverandre engang. Men i kirken blir vi til et "vi" – et fellesskap der det er rom for oss alle.

Og midt i dette fellesskapet – der er Jesus. Annerledeskongen. Han som fortsatt kommer oss i møte.

Ønsker deg en velsignet og god adventstid.



Vestnes kyrkje i fint raudt lys



Foto: Frode Gjelstenli

Den 24. oktober var Vestnes kyrkje lyssett i fint raudt lys. Markeringa skjedde i regi av Rotary, der dei sørger for at bygningar og landemerke blir lyst opp i poliofargen raud for å vise støtte til kampen mot poliomyelitt.

MIN JULESONG

Av Ivar Magne Bergheim

Harald Nakken i Fiksdal har vore handverkar det meste av sitt yrkesaktive liv. 87-åringen er framleis sterkt engasjert i lokalmiljøet, og har mellom anna vore engasjert i aktivitetar både rundt bedehus og kyrkje. Ikkje minst har han lagt ned eit stort dugnadsarbeid gjennom mange år ved oppbygginga av Fiksdal Kyrkjelydshus.

– Kva er ditt forhold til jula?

– Jula er ei fin tid. Eg har vore heime kvar einaste jul, og det har alltid vore ei høgtid der familien har vore samla, og der vi tek fram juletradisjonane. Eg hugsar frå da eg var liten. Vi var 3 søsken. Alltid gjekk vi rundt juletreet, sjølv om vi ikkje nådde rundt med hendene. Denne tradisjonen held vi framleis fast ved. Eg hugsar da det var juletreffest på det gamle bedehuset. Salen var full, men likevel rydda vi plass så vi kunne få gå rundt juletreet. Alle fekk deretter utdelt posar med julekaker, dei vaksne fekk kaffi og ungane mjølk. På skulen song vi også dei tradisjonelle julesongane, der læraren sat ved trø-orgelet og spela melodien. Det er synd at tradisjonane med dei gamle julesongane og gang rundt treet fell meir og meir bort.

– Har du ein favoritt-julesong?

– Det er fleire som kunne ha vore nemnt, men eg trur eg vil trekke fram «Eg er så glad kvar julekveld». Eg synest Sondre Bratland syng denne så fint med si klare stemme på klingande nynorsk. Spesielt er eg glad i det siste verset: «Eg er så glad kvar julekveld, så glad i Jesus Krist, og at han også elsker meg, det veit eg sant og visst.»

«Eg er så glad kvar julekveld»

*Eg er så glad kvar julekveld,
for då vart Jesus fødd.*

*Då lyste stjerna som ei sol,
og englar song så søtt.*

*Det vesle barn i Betlehem,
han var ein konge stor,
som kom frå høge himmelborg
ned til vår arme jord.*

*No bur han i sin himmelheim,
han er Guds eigen Son.
Men alltid minnest han dei små
som bed med tru og von.*

*Eg er så glad kvar julekveld,
då syng me Jesu pris,
då lèt han opp for alle små
sitt vene paradís.*

*Ho mor, ho kveikjer alle ljós,
dei skin i kvar ei krå,
for heile verda, seier ho,
skal julestjerna sjå.*

*Ho seier stjerna skin enno
og aldri slokna kan,
og skin den stjerna på min veg,
då finn eg himlens land.*

*Ho seier alle englar syng
enno om fred på jord,
at himlen like open er,
Guds kjærleik like stor.*

*Å, gjev eg kunne syngja så,
då vart visst Jesus glad,
for eg vart òg Guds kjære barn
ein gong i dåpens bad!*

*Eg er så glad kvar julekveld,
så glad i Jesus Krist,
og at han også elsker meg,
det veit eg sant og visst.*

Norsk Salmebok 2013



Harald Nakken

MESINA VITOLLARI, NY DAGLEG LEIAR PÅ VESTHEIM UNGDOMSSENTER

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør

I julenummer til Kyrkjebladet for to år sidan, las vi om Vestheim ungdomssenter og aktiviteten der. Etter 26 år som styrar slutta Arnfinn Stige og ny dagleg leiar skulle då tilsetjast. I god tid før deadline til Kyrkjebladet, tok eg kontakt med den nye daglege leiaren, Mesina Vitollari. Travle tider på ettersommaren gav litt utfordring med å finne plass til ein god prat. Men ein fin haustdag no i slutten av september tok Mesina mot Kyrkjebladet i foajèen på Vestheim. Namnet fortel at ho ikkje kjem frå Norge, men heldigvis treng eg ikkje intervju på engelsk, då Mesina alt snakkar veldig godt norsk.



Dagleg leiar Mesina Vitollari saman med mannen Mikel Kycyku

Fødd og vakse opp i Albania

Mesina er fødd og har vakse opp i Albania og budde der fram til ho for vel to års sidan flytta til Norge. Albania ligg på Balkan-halvøya ved Middelhavet, aust for Italia og nord for Hellas.

Mesina er 27 år gamal og gift med Mikel Kycyku. Han er og frå Albania, og har no fått jobb som barne- og ungdomsarbeidar i NLM (Norsk Luthersk Misjonssamband), region Nordvest. Mesina har utdanninga si innan forretningsverksemd (business) og økonomi, og ho har hatt arbeid i ulike internasjonale organisasjonar i heimlandet.

Mesina fortel vidare: «Eg vart kristen i 2014, og trua er viktig. Eg har alltid hatt eit ynskje om å gjere ein forskjell i verda med dei gåvene Gud har gjeve meg. Eg har hatt lyst til å bruke utdanninga

og dei gåvene eg har fått, til å jobbe for kristne organisasjonar og gjera ein forskjell for evangeliet uansett kor eg er».

Kristen i Albania

Det har ikkje alltid vore lett å leve som kristen i Albania. Albania er i dag stort sett eit muslimsk land, men har ei veldig kompleks historie. Dette har påverka både folket og religionsfridomen. I over 50 år var landet under kommunistisk styre, og det var det første landet i verda som offisielt erklærte seg som ein ateistisk stat. Då var all religiøs praksis forbode, både kristendom, islam og andre religionar vart undertrykt. Mange kristne vart forfylgde, fengsla eller straffa for trua si.

Etter kommunismens fall for litt over 30 år sidan vart Albania eit demokrati. I dag er det religionsfridom, og det er fredeleg sameksistens mellom religionane. Likevel er det framleis mange menneske som aldri har høyrte evangeliet før, og landet



Albania med landa omkring



Mesina og Mikel utanfor hovudinngangen på Vestheim

har enno ein lang veg å gå når det gjeld utvikling, både økonomisk og åndeleg.

Kvifor Norge?

Det er naturleg å spørje: Kvifor vart det Norge? «Mikel gjekk på bibelskule i Albania og der var det også nokre frå Norge. Vi fekk god kontakt med dei, dei var i bryllaupet vårt i Albania. Ein av desse jobba for NLM, region Sør. Så fekk vi tips om at det var to ledige jobbar i Norge, mellom anna her på Vestheim. Og jobben på Vestheim ungdomssenter kunne passe fint til utdanninga mi. Å flytte til eit anna land var ikkje første tanken, men vi søkte ulike jobbar på den tida. Kva skulle bli neste steg for oss? Søknad vart sendt, eg fekk tilbod om begge jobbane, Vestheim vart plassen for oss. Litt heimlengsel har vi nok hatt, men vi trivest. Vi har fått mange gode vener, vi kjenner oss som ein del av familiane deira, og det er vi glade for. Det har for vår del ikkje teke så lang tid å verte kjende med folk», fortel Mesina vidare.

Språk

På spørsmål om å lære seg norsk, kan Mesina fortelje at ho er glad i å lære språk, så det har godt fint. Ho er og inne på at det er viktig å kunne språket i det landet ein jobbar i, så norsk var heilt naturleg å få på plass. Ikkje minst her på Vestheim der mange pensjonistar driv dugnad. Ikkje alle synest det er like greitt å snakke engelsk.

Det viser seg at Mesina er ganske språkmektig og ho har nok eit godt språkkøyre. Forutan albansk snakkar ho engelsk, italiensk, spansk, portugisisk og tyrkisk og no norsk. Det er gøy å lære språk.

Jobbansvar, investering og aktivitetar på Vestheim

Som dagleg leiar har Mesina ansvar for den daglege drifta, økonomi og marknadsføring, rekruttering av frivillige, samt kontakt med styret og ansvar for arrangementa på Vestheim.

Ny oppvaskmaskin og eit moderne kjøle- og fryseanlegg er kome på plass siste året. Og økonomien har betra seg. For å få det til å gå rundt, er likevel Vestheim Ungdomssenter, som mange andre organisasjonar, avhengig av frivillig innsats. Over 40 personar har vore i aktivitet siste året, ein stor dugnadsinnsats vert difor utført av mange.

Gjennom året er det omlag 20 leirar med 40-60 deltakar på kvar leir. Den norske kyrkja, lag- og organisasjonar, konfirmasjonar og minnesamvær står på utleigelista. Det er fint å sjå at Ungdomssenteret blir nytta av mange i bygda, det set Vestheim stor pris på. Mesina vil gjerne seie ein stor takk til alle som leiger og gjerne vil leige.

Vestheim ungdomssenter ein viktig reiskap i misjonsarbeidet.

Kyrkjebladets utsende var også med på ein fest for frivillige no i september der heile dugnadsgjengen var invitert. Der fekk vi ei orientering om alt arbeidet som blir utført her på Vestheim.

Vestheim Ungdomssenter er ein del av NLM, har som visjon «Verden for Kristus», og her er Vestheim ein viktig reiskap i å nå dette målet:

- Gjennom leirar, samlingar og aktivitetar skal Vestheim vera ein trygg og inkluderande arena der born og unge får høyre om Jesus.
- Søndagsmøter, bønemøter, bibelgrupper og ulike fellesskap bidrar til at Vestheim kan nå menneske med evangeliet.
- Gjennom arbeidet på Vestheim, støttar Vestheim det globale misjonsarbeidet ved å inspirere og utruste unge menneske til å engasjere seg i misjonsarbeidet.



Forutan internatbygg har også Vestheim hytter til utleige

Den nye kyrkjevevja er på plass

Av Ivar Magne Bergheim

Den 1. juli i år starta den nye kyrkjevevja i Vestnes sin nye jobb. Etter ein periode med overlapping og innføring i arbeidet, takka Olav Egil Tomren av og blei pensjonist, og overlèt roret til Hege Haugen. Kyrkjebladet ville gjerne vite litt meir om den nyttilsette, og tok ein prat med henne på kyrkjekontoret.



– Eg er fødd og hadde min oppvekst i Rauma, nærmare bestemt på Veblungsnes. Rundt meg var eit godt musikkmiljø, så musikken vart ein følgesvein heile livet. Bestefar var organist, og tidleg var eg med i kyrkjene med kornetten og spela saman med orgelet. Dette gjer eg av og til no og, i tillegg til å vere med i fleire korps. Etter avslutta musikkutdanning frå Norges Musikkhøgskole i Oslo, kom eg i 1993 til Vestnes, der eg fekk jobb i den kommunale kulturskulen, nettopp i dei same lokala der kyrkjekontoret held til i dag. Eg arbeidde i kulturskulen i til saman 29 år, dei første åra som lærar, dirigent og etter kvart inspektør. Det var givande år i eit rikt og mangfaldig kulturmiljø, med mange flotte elev- og kollegaer.

I 2016 tok eg ein pause frå kulturskulen og starta opp møbel-forretning i Vestnes saman med mannen min, Arnfinn Dalhaug. Eg var med i oppstartsåret i butikken, før eg vende tilbake til kommu-

nen, denne gongen som einingsleiar for kulturskulen – ei stilling eg hadde i fem år. Da følte eg for å prøve noko heilt nytt. Etter nokre år i møbelbransjen igjen, fekk eg jobben som driftsansvarleg for kulturhuset i Aukra. Men kort tid etter dukka utlysinga av stilling som kyrkjevevje opp i Vestnes, og da tenkte eg: Dette må vere ein spennande jobb i mitt eige nærmiljø. Så

søkte eg, og fekk jobben.

– Etter nokre månader i stillinga, kva er dine tankar rundt arbeidet du har teke fatt på?

– Det er ein utruleg variert og spennande jobb. Eg trivst godt med varierte oppgåver, og ingen dagar er like. Det dukkar stadig opp nye oppgåver, og det er forfriskande. Her er det også arbeidsoppgåver eg aldri har vore borti. Derfor er eg glad for den overlappinga og innføringa i arbeidet eg fekk saman med Olav Egil, og for alle dei dyktige folka eg har rundt meg som eg kan spørje. Eg føler eg har evne til å sjå praktisk på ting, og likar å lage system som er gode for å halde god oversikt over alle oppgåvene og arbeidet ute i sokna.

– Kva føler du er dei største utfordringane framover?

– Eg brukar ein del tid på å forstå korleis kyrkja er organisert som heilskap – med fleire ledd og ei todelt arbeidsgivarlinje. Det er

eit komplekst system, men også spennande å bli kjend med korleis alt fungerer saman i praksis. Eg trur elles at arbeidet vårt handlar mykje om ressursar og korleis vi kan utnytte dei til beste for alle. Vi er avhengige av å samarbeide tettare for å utnytte ressursane og kompetansen vi har. Vi må også bli betre til å synleggjere det kyrkja gjer. Gudstenestene er berre ein del av det som elles blir gjort. Så må vi formidle håp på dei ulike arena vi er samla, og skape meningsfulle aktivitetar i ulike samanhengar. I dette ønskjer eg å bidra med å løfte fram meir av det som skjer i kyrkjeleg samanheng, og løfte fram det positive.

– Kva trivst du best med i arbeidet ditt?

– Det må vere å møte alle folka. Det å kunne ha ein dialog med så mange flotte menneske, er ein inspirasjon i arbeidet. Og så det gode fellesskapet, både i staben og elles. Det er også fint å møte folk som ivrar og brenn for kyrkja si.

– Er det noko spesielt du brenn for?

– Vi må løfte fram det positive og spele kvarandre gode. Det er viktig å samle trådane og bruke den kompetansen som er ute i dei ulike sokna, slik at vi får ein heilskap i det arbeidet vi driv. Så har eg stor ærefrykt for kyrkjene i prestegjeldet og dei kulturverdiane dei representerer. Desse må vi ta vare på, så vi kan halde fram med å skape gode samlingsstader for alle i Vestnes.

Vi ønskjer Hege velkommen, og lykke til i arbeidet!

Kyrkjevevja sitt hjørne

No har eg vore kyrkjevevja i Vestnes i nokre månader – og eg kan trygt seie at eg trivst! Tida har vore både travel og lærerik, med mange gode møte med folk, kyrkjer og lokalsamfunn. Det er fint å sjå kor mange som bryr seg om kyrkja – både tilsette, sokneråd og frivillige.

Denne hausten har det skjedd mykje godt arbeid rundt om i kyrkjene våre. På Vågstranda har kyrkja fått seg ei skikkeleg oppfrisking, den er både måla og pussa opp utvendig, og resultatet har blitt verkeleg fint. Samstundes ser vi at taket må skiftast, og planlegginga for dette arbeidet er i gang.

Vi har og hatt den årlege runden med bygningsutvalet, der vi har gått gjennom tilstanden på alle kyrkjene og lagt grunnlag for ein meir langsiktig vedlikehaldsplan.

I Vestnes kyrkje har soknerådet stått for eit flott tiltak med innkjøp av nye scenelys i taket. Det gjer kyrkja endå betre eigna til konsertar og arrangement – noko mange set pris på, ikkje minst no i tida fram mot jul.

I tillegg er vi i gang med etablering av namna minnelundar. Først ut er Vestnes kyrkjegard, men etter kvart vil dette kome på plass ved alle kyrkjegardane våre. Prosjektet er viktig – det vil gje pårørende nye, vakre og

verdige stader for urnegraver, i tråd med dagens behov og ønskje.

Eg bur rett ved Vestnes kyrkje, og av og til tek eg med meg kornetten og spelar saman med Jostein frå galleriet. Kyrkja er for meg det vakraste rommet å spele i – og det gjer godt å kunne bidra med litt musikk innimellom.

Eg ser fram til å halde fram arbeidet med å ta vare på både kyrkjene og dei gode møtestadene våre i tida framover.

Hege Haugen

Kyrkjevevja i Vestnes

Ein namna minnelund på Vestnes kyrkjegard

Av Hege Haugen

Ein namna minnelund skal gi eit nytt og verdig gravtilbod på Vestnes kyrkjegard – ein stad for stille ettertanke, gode minne og framtidige generasjonar.

Eit nytt og verdig gravtilbod

Arbeidet med å etablere ein namna minnelund på Vestnes kyrkjegard er i gang. Prosjektet skal gi eit nytt og verdig gravtilbod for urnegraver – ein minnestad som er både vakker, lettstelt og tilrettelagt for dei som ønskjer ei enklare gravform. I ein namna minnelund blir namna på dei gravlagde synlege, til dømes på ei felles minnetavle eller stein, medan sjølv urnegravene ikkje blir markerte enkeltvis. Formålet er å skape ein stad som gjev dei etterlatne ro, nærleik og rom for minne – utan krav om stell og vedlikehald slik tradisjonelle gravplassar krev.

Samarbeid med fagfolk

Ei eiga arbeidsgruppe er sett ned for prosjektet, og planlegginga skjer i samarbeid med landskapsarkitekt Mari Klauseth Hagen frå Hagen Landskap.

Ho har erfaring frå fleire tilsvaran-

de prosjekt, og vil bidra med fagleg utforming og tilrettelegging slik at anlegget harmonerer med omgjevnadene på Vestnes kyrkjegard. Når skissa for anlegget er ferdig, skal søknaden sendast til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for godkjenning, slik regelverket krev. Det er venta at arbeidet med sjølv anlegget kan starte opp i løpet av våren 2026.

Planar for fleire kyrkjegardar

Når minnelunden på Vestnes står ferdig, er planen å gå vidare med tilsvarande arbeid ved dei fire andre kyrkjegardane i kommunen. På den måten kan alle sokna etter kvart få eit moderne og tilrettelagt tilbod for urnegraver.

Økonomisk støtte

Eit slikt prosjekt medfører naturleg nok kostnader til planlegging, material og opparbeiding. Dersom personar eller verksemdar ønskjer å bidra økonomisk, vil slike gå-



ver bli mottekne med stor takk og nytte.

Midlane vil ikkje berre kome minnelunden på Vestnes til gode, men òg vere med på å leggje grunnlaget for vidare arbeid ved dei andre kyrkjegardane i kommunen.

Bidrag kan formidlast via kyrkjekontoret, eller direkte til soknet der ein ønskjer å støtte arbeidet.

Ein fredfull minnestad

Vestnes kyrkjelege fellesråd ønskjer med dette å møte dagens behov for ulike gravformer, og å skape ein fredfull og vakker minnestad som kan vere til støtte og trøyst for familiar og etterlatne – ein stad for stille ettertanke og gode minne.

LENGSEL ETTER LYS

Tekst: Anne Marit Riste, prostiprest

I samtale med familiar som førebud gravferd får eg del i mange minne og forteljingar. Det er noko av det fine med å vere prest, synest eg, å få lytte til menneske som fortel frå eit liv. Og det er ikkje nødvendigvis dei store, dramatiske eller spesielle tinga som gjer mest inntrykk. Det kan like gjerne vere dei små, enkle og vanlege tinga. Små situasjonsbilete kanskje. Dei kan eg bere med meg lenge.

For eksempel dette: Ho vi skulle ta farvel med likte så godt å høyre på musikk. Sitte på kjøkkenet og høyre musikk på radioen, det var noko av det beste ho visste. Ho var ganske altetande, berre det var gode vokalistar. Men favoritten, det var nok Leonard Cohen.

Mange gonger no etterpå har eg sett henne for meg: Ho sit på kjøkkenet og høyre på radio. Ho drikk kaffi, høyre på musikk og kosar seg. Og når ho skruer opp litt, så høyre eg kven det er som syng også. Det er Leonard Cohen.

Eg kjenner igjen den djupe stemma hans. Litt hås, slik som berre han er det. Eg veit nesten ikkje om han snakkar eller om han syng. Men eg er sikker på at det er han.

Og ho ved kjøkkenbordet likar det. Det er tydeleg. Ho skruer opp litt til og eg kan høyre refrenget:

*«Ring the bells that still can ring.
Forget your perfect offering.
There is a crack in everything.
That's how the light gets in.»*

Det er ein brest i alle ting – ein sprekk, eit skår, noko som er ufullstendig eller øydelagt. Men så er det nettopp på den måten at lyset finn vegen inn. Gjennom det ufullkomne, gjennom det brutte.

Dette situasjonsbiletet ber eg med meg som eit lite, blafrande lys i haustmørkret. Det gir meg eit glimt av skjønnheit, nærvær og lys midt i ein heilt vanleg kvardag. Ved kjøkkenbordet til ei heilt vanleg dame, ein heilt vanleg formiddag.



Kanskje er det grått den dagen. Kanskje har ho smerter i kroppen eller tunge tankar. Kanskje gler ho seg til å få barnebarna på besøk. Kva veit eg.

Men det kjem eit lys inn i dagen hennes. Inn i det vanlege. Inn i det ufullkomne.

«Lyset du treng finst» skriv poeten Helge Torvund. Og det er like ved. Det trur eg.

Hausttakkefest med barn, unge og suppe

Tekst og foto Asbjørn Gismås

Søndag 14. september var gudstenesta i Tresfjord kyrkje ekstra innhaldsrik. Det var pynta til hausttakkefest med frukt, grøn-saker og blomster. Fireåringar og førsteklasingar fekk bok, og song saman med trusopplærar Ingvald. Konfirmantane vart også presenterte. Dei har starta førebuingstida, som varer fram til konfirmasjon i mai.

Etter gudstenesta inviterte soknerådet på kyrjekaffe med haustsuppe i Kyrkjelydshuset. Det var populært, og mange vart med dit og kosa seg med god suppe, kaffe, kaker og prat rundt borda.

*Også konfirmantar set pris på god suppe.
Frå venstre Veronica Lyakhovin Krogseth,
Elise Lindset, Camilla Lie.*



FRILUFTSGUDSTENESTE BÅRDSNESOSEN

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør



Mykje folk samla til friluftsgudsteneste.

Når det nærmar seg sommar og gode temperaturar ute, så er kyrkjene på Vestnes også klar for sine felles friluftsgudstenester. Slik også denne sommaren. Men ikkje kvar gong vert det fint vêr. Det fekk ein erfare både på Korsstøneset og i Øygardsbukta i sommar. På Stall Kjersem kan ein lettare krype under tak ved dårleg vêr.

Søndag 17. august kom med finvêr til Bårdsnesosen i Tomrefjord. Mellom 60–70 personar fann seg godt til rette før gudstenesta starta i eit område som er godt eigna for ulike arrangement. Ivar

Magne Bergheim på flygelhorn saman med kantor Jostein Maude gav grunnlag for god salmesong. Klokkar og tekstlesar var Markus Kimo Løvik og sokneprest Tarjei Løvik var liturg og heldt preike over teksten for dagen. Eit av høgdepunkta i ein gudsteneste er når eit born vert døypt, slik var det også denne søndagen.

Etter gudstenesten var det som vanleg kyrkjekaffe, og kyrkjelyden kom i god drøs med kvarandre. Ein god start på søndagen for alle som møtte.



Eit høgdepunkt i gudstenesta var dåp av Agnes Hovde Sellereite.



Kantor Jostein Maude, Ivar Magne Bergheim på flygelhorn, tekstlesar Markus Kimo Løvik og prest Tarjei Løvik.



Kyrkjekaffe med ein god drøs etterpå.

Sluttar som leiar av Fellesrådet

Av Ivar Magne Bergheim

Vestnes Kyrkjelege Fellesråd er eit fellesorgan for alle sokneråda i kommunen. I tillegg til ein representant frå kvart av råda, er også ordføraren og biskopen, ved ein av prestane, medlemmar. Kyrkjevevja er sekretær. Fellesrådet har forvaltningsansvar for kyrkjebygga og kyrkjegardane og dessutan arbeidsgjevaransvar for dei tilsette, utanom prestane. Dei er tilsette av Møre bispedømme. Saker som blir handsama er ofte av økonomisk karakter, men også andre saker som kjem sokna ved.

Leiaren av Fellesrådet blir valt årleg. Dei siste 28 åra har det vore Thor Ringsby. Etter fylte 75 år i oktober, vil han no gjerne ha avløy-
sing, og frå nyttår tek Emil Balstad over. Thor held fram som representant i rådet. Etter så mange år i leiarstolen, har det vore handsama mange saker og mykje å ta stilling til. Kyrkjebladet har teke ein prat med han.

– Når kom du inn som representant i Fellesrådet?

– Eg tok til 1. januar 1998, då også som leiar.

– Kvifor engasjerer du deg i rådsorgana i kyrkja?

– Eg har alltid likt å feire gudsteneste i kyrkja. Kyrkjerommet gir meg også ei indre ro. Det har vore viktig for meg å bidra til at sokneråd og fellesråd har fungert.

– Du er også kyrkjetenar i tillegg til soknerådsleiar i Fiksdal sokn. Kvifor engasjerer du deg i dette arbeidet?

– Eg synest det er fint å bruke tida mi på dette. Det er eit verdifullt

og kjekt arbeid, og eg liker å vere engasjert. Så er eg takksam for at helsa har tillate meg å vere aktiv.

– Er det spesielle saker som ligg deg på hjartet?

– Det må vere at kyrkjegardane og kyrkjebygga blir haldne i god stand, og at kyrkja opplevast som ein god arbeidsgjevar.

– Korleis har det vore å leie Vestnes Kyrkjelege Fellesråd?

– Eg har trivest veldig godt i denne rolla. Eg har også fått bruke erfaringane frå den tida eg var aktiv i politikken, inn i arbeidet til Fellesrådet. Har også samarbeidd godt med alle kyrkjevevjene som har vore tilsett i mi tid som leiar. Kyrkjevevja er jo dagleg leiar, og skal samle alle trådar. Så er det flott å tenke tilbake på alle dei engasjerte medlemmane som har vore med i Fellesrådet gjennom desse åra.

Det største og mest spesielle prosjektet har nok vore renoveringa av Tresfjord kyrkje. Og så må eg berømme det gode samarbeidet med kommunen.



Thor Ringsby framfor ein bit av keramikkaltartavla som vart laga til årtusenskiftet, og lagt ut på Molde stadion første pinsedag 2000 under ei felleskyrkjeleg gudsteneste der. Han tok imot ein av 204 delar som tavla var oppdelt i, der kvar kyrkjelyd fekk hente sin del. Denne er no er plassert i kyrkja i Fiksdal. Heilskapen var ein tekst henta frå Johannesevangeliet, kap. 3, 13-17.

Elles ønskjer eg den nye leiaren lykke til, og eg er veldig trygg på at Emil vil fylle den rolla på ein fin måte.



«Amy» på kyrkjebesøk

Foto: Edmund Melkild

Fiksdal fekk også besøk av «Amy». To store bjørketre velta innover kyrkjegarden, over gravstøtter og borti kyrkjeveggen. To taksteinar klarte heller ikkje presset, og hamna på bakken. Heldig vis vart det ingen andre skader, unnateke steingarden der steinane må på

plass igjen. Lyskastaren gjekk akkurat klar.

Kyrkjetenar Thor Ringsby saman med kyrkjevevje i Fiksdal, Ivar Magne Bergheim, tok jobben med å rydde opp.

KONFIRMANTAR I VESTNES KOMMUNE VÅREN 2025



Alle foto: Kari Utgård



Konfirmantar 2025
Tomrefjord

Foto: Kari T. Utgård



Konfirmantar 2025
Fiksdal

Foto: Kari T. Utgård



Konfirmantar 2025
Tresfjord Vågstranda

Foto: Kari T. Utgård



Konfirmantar 2025
Vestnes

Foto: Kari T. Utgård



GÅVE TIL VIKE KYRKJE



Tidleg i haust vart Vike sokneråd kontakta av dei etterlatne etter Lidveig og Olav Eikeland. Dei ønska å gje ein 5-arma lysestake i smjern til Vike kyrkje. Dette vart teke opp i soknerådet, og det var semje om at vi ville ta imot gáva. Lysestaken har no fått ein fin plass i Kyrkjekjellaren.

Soknerådet takkar for gáva! På oppfordring frå soknerådet har dei etterlatne skrive litt om historia og bakgrunnen:

Olav Eikeland ble født i 1925, og vokste opp på Hatlestrand i Hardanger, sammen med 6 søsken. Far flyttet tidlig hjemmefra for å begynne på skolegang i Holmøyane, der han lærte seg til smed. Han bestod svenneprøven i 1949. Lysestaken som nå er gitt til Vike kyrkje er en del av svenneprøven.

Far traff Lidveig i denne perioden, og de giftet seg i 1953. Han jobba i Holmøyane fram til våren 1956. Da flytta de til Gjermundnes Landbruksskule, der de bosatte seg og fikk 4 barn.

Far var ansatt som lærer på Gjermundnes og underviste i vedlikehold og reparasjon av landbruksmaskiner, både teoretisk og praktisk. Mor og far bygde etter hvert eget hus i Febrandshaugen og flytta dit sommeren 1967.



Far mista aldri interessa for smedfaget. Opp gjennom åra laget han forskjellige ting, som blomsterstativ, sparkstøtting, rattkjelke og trøbiler. Han ble etter hvert en lidenskapelig knivmaker. Far var glad i natur-og friluftsliv, var en ivrig hjortejeger og likte godt å fiske.

Han døde altfor tidlig i 1993, bare 68 år gammel.

– Randi Elisabet, Ove Jarle og Liv Odny.

Vike kyrkje har to 7-arma lysestakar i smjern, som mellom anna vert brukt i gravferder, på Allehelgensdag og på lysmesssa.

Kurs i regi av Friundervisninga var utbreidd i Vestnes på 70-talet, og mange deltok i dette. I Vike var det mellom anna kurs i smjernsarbeid, med Olav Eikeland som kurslærer. Georg Balstad og Einar Hovde deltok på kurset med Olav Eikeland, og dette resulterte i to like 7-arma lysestakar, som vart gjeve til kyrkja i 1979.

Liv Randi Sæter Balstad
leiar i Vike sokneråd

Bolsøy menighet på Vestnesbesøk

Av Ivar Magne Bergheim



Nokre representantar for turfølget etter omvising i og rundt Fiksdal kyrkje. (Bjørn Austigard nr. 3 frå høgre)

Ein programkomité med utgangspunkt i Røbekk kirke og kirkesenter planlegg årleg aktivitetar utanom gudstenestene. Bjørn Austigard er med i komitéen, og har ansvar for å organisere busstur ein gong i året rundt i distriktet. Som oftast går turen til Nordmøre og Romsdal, men ikkje så ofte til sørsida av Romsdalsfjorden.

Onsdag 21. mai gjekk turen til Vestnes, der både kultur og sosialt samvær var vesentleg. Austigard er svært godt kjent med lokal kultur i distriktet, og har mykje innsamla materiale av ulikt slag. Han

har mellom anna vore styreleiar i Romsdal Sogelag i 40 år, konservator ved Romsdalsmuséet, artikkel- og bokforfattar, og ikkje minst foredragshaldar. På denne turen hadde han alliert seg med Ragnhild Rekdal Furuseth, som har vakse opp på Rekdal, og samstundes har god lokalkunnskap om heile kommunen.

Første stoppestad var Tresfjord. Her fekk dei om lag 30 påmeldte orientering om lokalsamfunnet i Tresfjord, og ikkje minst Tresfjord kyrkje, der det vart ein stopp på rundt ein time. Kyrkja som snart skal feire sitt 200-års- jubileum, har mange interessante og verdifulle kulturskattar.

Etter opphaldet i Tresfjord gjekk turen rundt Misfjorden og Flate og vidare til Fiksdal og Fiksdal Kyrkjelydshus, der det var servering av kjøttsuppe og kaffi og kaker. På ein gråværsdag var dette ein god oppkvikkar. Etter måltidet vart det tid til ein runde i og rundt Fiksdal kyrkje. Spesielt var kyrkjegarden eit hovudtema, i og med at det her finst så mange gamle gravminne som er bevart.

Siste del av turen gjekk til Rekdal. Her er det også mykje verdifull kulturhistorie å ta fram. Ein kan ikkje få med alt på ein guida busstur, men mange hovudtrekk og inntrykk vart truleg med ferja over fjorden til Molde-sida. Det vart sikkert tid til litt lokal fotballhistorie også.....



Hausttakkegudsteneste i Vestnes kyrkje

Foto: Nils-Berge Sundfør

Kvar haust er det hausttakkegudsteneste i kyrkjene i Vestnes. I år fekk Kyrkjebladet med seg hausttakkegudstenesta i Vestnes kyrkje, der litt av årets avling var utstilt i koret.



90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på Vipps 936679



«Optimist» i Vestnes kyrkje

Tekst og foto: Tormod Lien

Kyrjekonsert har fått folk til å strøyme til kyrkja. Det same skjedde siste søndag i oktober, då Tomrefjord Songlag song arrangement av Håvard Sveås. Sistnemnte, som har ei brei utdanning innan kyrkjemusikk, sat sjølv bak klaveret denne konsertkvelden. Vår eigen kantor, kyrkjemusikar og dirigent for Tomrefjord songlag, Jostein Maude, vart denne kvelden sett til å vere songar. Sveås hadde den musikalske leiinga.

Salmesongen denne gong vart erstatta med norsk populærmusikk, krydra med gospel og litt julesong, framført både på engelsk og norsk. Tomrefjord Songlag stiller med to avdelingar à fem flotte melodiar, med Sveås bak tangentane. Alle ti framføringane hadde Sveås sjøl arrangert. Mellom Songlaget sine to økter, fekk Sveås si eigen avdeling, der han briljerte på ulik vis, både i song og musikkinstrument. Litt rart var det å sjå vår eigen kantor som bass i koret, sidan Sveås hadde overtatt både orgel og piano.

Optimist med Jahn Teigen

Håvard Sveås, ikkje heilt ulik vår eigen kantor i volum, er busett i Langevåg og lever og andar for musikken. Han er utdanna innan kyrkjemusikk og har lang erfaring som kantor, arrangør, komponist, vokalist, kor-dirigent og frilansmusikar for å nemne noko.

Konferansier for kvelden, Kristian Blindheim, hadde ingen problem med å gjennomføre si oppgåve.

Han hadde oversikt, ryddig og tydeleg, samt ei passe form for humor.

«What a wonderful world» med solist Janne Iren Holseter og «Optimist» med Sindre Tomren som solist heldt høgt nivå, og vart godt motteke av publikum. Dei øvrige 10 songane var alle arrangerte av Sveås.

Ikkje overraskande klarte Sveås og Songlaget å skape den rette atmosfæren i det vakre kyrkerommet fylt av vakre song- og musikk-prestasjonar. Kyrkja var ikkje fullsett denne gong, men det var ikkje langt ifrå. Trivselen og mottakinga var merkbar positiv.

Sveås har vore med på framføring av mange sjølv laga verk rundt om i fylket, i selskap med kjente og dyktige gjesteartistar. Kan nemne blant andre Hanne Boel, Rein Alexander, Jan Eggum, Jan Werner Danielsen og mange fleire.

Denne kvelden er han på trygg musikalsk grunn, som nabo til sjølvaste song-bygda Tomrefjord, der «verdskjente» songarar også har sitt rotfeste.

Tomrefjord Songlag 71 år

No har tusenkunstnaren innan musikk lagt bak seg ein ny kveld på besøk i Vestnes. Vakker song og musikk i ei vakker kyrkje er det same som ei kyrkje der kropp og sjel får leve. For å halde liv i kyrkjene må fleire konsertar bli arrangert framover. Eg hadde mange positive tankar på veg ut...



Tomrefjord Songlag med gjesteartist Håvard Sveås med bodskap til ettertanke. Janne Iren Holseter er her solist med innslaget «What a wonderful world».

Under større arrangement er det ikkje uvanleg at det blir utdeling av medaljar for lang teneste i song- og musikklivet, slik også her: Petter Inge Bergheim, Kjell Magne Nakken, Bjørg Nerås, Kjell Herje og Elin Furland. Sistnemnte var ikkje tilstades. Dei to første for 40-års-teneste og dei tre siste i heile 50 år med songkor.

Tomrefjord songlag, som framleis er ungt og virilt, feira sin 71-årsdag i fjor. Det er nok ikkje berre songen og taktane som held dei 27 medlemmane unge og songglade.

Den folkelege dirigenten og kanten som alle er så glade i, Jostein Maude, er kjent for sine bråe skifte både med armar og songstemme, då gjerne utan lyddempar. Slik vil nok dirigenten halde liv i songlaget i lang tid framover.

Tomrefjord songlag er eit blandakor, med songarar av begge kjønn. «Humorkoret» er lett å be, og deltek på mykje av det dei blir spurte om.



Musikkgjøgleren Håvard Sveås tok raskt vegen frå klaveret i kyrkerommet, opp trappa til orgelet, og presenterte eit musikkstykke av dei sjeldne. Publikum var aktivt med og applauderte svært fortjent gjennom 90 minutt med gladsong.

I toppsjiktet av dyktige pratmakarar, kunne ikkje arrangøren funne ein betre toastmaster enn Kristian Blindheim. Trygt, oversiktleg og godt framført, også med litt humor.

Vel blåst, takk for reisa og på gjensyn!

*Fem mottek
medalje for lang
teneste innan kor:
Kjell Herje, Elin
Furland, Kjell
Magne Nakken
og Petter Inge
Bergheim.*



KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité:
Asbjørn Gisnås, Nils-Berge Sundfør,
Ivar Magne Bergheim,
Tormod Lien og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret
Myra 3, 6390 Vestnes

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til
stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet,
til å ta kontakt med redaksjonen.*

**Redaksjonen takker for
alle gåver til Kyrkjebladet,
både store og små.**

**Vi er avhengige av gåver til drift
og distribusjon av Kyrkjebladet.**

Kontonummer: 4056.20.62124

Kyrkjebladet har Vipps.
Vippsnummer: 511986

Det er mogleg å bestille bladet
for dei som bur utanfor kommunen.



VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag–torsdag kl. 08.30–15.00

Hege Haugen, kyrkjeverje
928 19 059
hege.haugen@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær (fri fredager)
941 62 548
reidun.blo@vestnes.kommune.no

John Sylte, sokneprest
918 650 64
john.sylte@vestnes.kommune.no

Tarjei Løvik, sokneprest
913 35 565
tarjei.lovik@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon
974 99 175
ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås, trusopplærar
941 42 364 (jobb) / 414 72 908 (privat)
ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kontor
922 26 151
jostein-maude@hotmail.com

Andrew Lange, kyrkjetenar
405 48 156
treetimeandy@yahoo.co.uk

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

KRIK – tur til Fosnavåg oktober 2025

Tekst: Ellen Edvardsen

Foto: Asle Klock

I slutten av oktober hadde KRIK Vestnes ein super og sporty tur til Herøy kyrkje i Fosnavåg. Laurdag fekk vi vaska oss i Sunnmørsbadet like ved kyrkja og seinare på dagen fekk ungdommane utfordringar i klatreveggen. På kvelden kosa vi oss med diverse

leikar, gjømsel, taco, korssamling, andakt, song og sjølvsaft godteri til slutt. Søndagen blei spennig på Epic Trampolinepark, Digerneset og avslutta med nydeleg pizza på Braud. 35 ungdommar hadde nok ein gong fått oppleve idrettsglede og fellesskap.



Slik ser ungdom ut no for tida



Hans Kristian og Marius i aksjon



Oliver er flink til å jobbe



Storm er spennig

TRADISJONELLE ADVENTSKONSERTAR I KYRKJENE VÅRE



Vestnes kyrkje

søndag 14. desember
kl. 16.00

Det er Vestnes Skulekorps som arrangerer i år, og med oss har vi Tomra Brass Band, Tomrefjord Skolekorps og Tomrefjord Songlag.



Vike kyrkje

Søndag 14. desember
kl. 16.00

Søblomsten shantikor
Vestnes musikklag
Tarjei Løvik
Allsong

Gratis inngang – frivillig kollekt.
Velkommen på konsert!



Fiksdal kyrkje

søndag 21. desember
kl. 19.00.

Fiksdal/Rekdal Janitsjar arrangerer den tradisjonsrike førjulsconcerten i Fiksdal kyrkje.

Tomrefjord Songlag, Jostein Maude og andre aktørar deltar. Gratis inngang.

Kollekt til Fiksdal/Rekdal Janitsjar.



Tresfjord kyrkje

søndag 21. desember
kl. 19.00.

Tresfjord janitsjar og Spelemannslaget Dâm og Drag inviterar til den årlege adventskonserten. Publikum får høyre tradisjonelle julesongar samt anna musikk desse musikantane har på repertoaret.

Gratis inngang.
Vel møtt til ei fin stund i Tresfjord kyrkje.

JULEKONSERT med Mockingbirds

Fiksdal kyrkje 4. des. kl. 20.00

Vokalgruppa Mockingbirds er glad for å kunne sei at dei kjem tilbake til koselige Fiksdal kyrkje i år! Medlemmane kjem frå Brattvågområdet og Vestnesområdet. Kom i kyrkja og opplev ein koseleg julekonsert med mykje fleirstemt sang. Både tradisjonelle og utradisjonelle "juleslagere" står på programmet. Konserten er gratis/frivillig vipps.



Mockingbirds gler seg til å komme til Fiksdal og synge igjen (varer ca 1 time).


Hjertelig velkommen på konsert!

Storyville Storband og Kick & Go i Vestnes kyrkje 5. des. kl 18.00

For 2. året på rad starter Storyville Storband sin lille juleturne i Vestnes kirke. Denne gangen har vi med oss Kick & Go fra Sunnmøre. Flere av våre medlemmer bor i eller i nærheten av Vestnes.

Vi håper mange tar turen for en kveld utenom det vanlige, her blir det mange høydepunkter, flotte soloprestasjoner og stor variasjon!





ATLE PETTERSEN

Tusen julelys

ATLE PETTERSEN I VESTNES KYRKJE

Vestnes kyrkje,
søndag 7. des. kl. 18.00

Atle Pettersen besøker Vestnes på sin juleturné i år! Kom i julestemning med kjente og kjære julelåter saman med kor frå Vestnes Kulturskule søndag 7. desember kl. 18.00.

Billetter: [www.ticketmaster.no/
event/atle-pettersen-tusen-jule-
lys-billetter/77363805](http://www.ticketmaster.no/event/atle-pettersen-tusen-julelys-billetter/77363805)



JULEKONSERT

HANNE SØRVAAG
TOMRA BRASS BAND

VESTNES KIRKE 13. DESEMBER KL. 18:00

Tomra Brass band har i år gleden av å kunne presentere Hanne Sørvaag som vår gjest.

Hanne Sørvaag er en norsk vokalist, komponist og tekstforfatter. Internasjonalt er hun mest kjent som komponist.

«VÅR JUL» ein konsert med julefavorittar

Fiksdal kyrkje 12. des. kl. 19.00

Velkomne til julekonsert der personar frå, eller med tilknytning til Fiksdal er inviterte til å dele sin favorittjulesong på sin måte.

Gratis julestemning!
Frivillig kollekt!



JULEKVELD I

TRESFJORD

Julekveld i Tresfjord kyrkje 18. desember kl. 18.00

Velkommen til en hjertevarm kveld i Tresfjord kirke sammen med Magne Fremmerlid, Hallvar Djupvik, Stephanie Lippert, Gaute Skrove (fiolin), Martin Bredin (piano), Knut Olav Skrove (trekkspill), Søbломsten Shantykor og Tressa barnekor!

Tresfjord Sokneråd serverer kaffe og hjemmebakt ved inngangen kl 17 før konserten starter.

Billetter: 300 kr for voksne, 150 kr for barn under 15 år (barn som sitter på fanget går GRATIS).

Dørene åpner: Kl. 17.00. Konsertstart: Kl. 18.00

Billettsalg: Billetter selges kontant på Skobutikken Vestnes, Joker Tomrefjord, Spar Tresfjord og digitalt på www.tikkio.com



KONSERT I TRESFJORD KYRKJE

mandag 22. desember kl. 19.00.

For tredje år på rad vil familietrioen TRESS holde julekonsert i Vestnes kommune. Trioen består av Marie Skavnes på fele/hardingfele, Øyvind Selnes på gitar/sang og Elisabeth Selnes på gitar/sang. De spiller kjente og mindre kjente toner, der de kombinerer ulike musikktradisjoner som folkemusikk, country og klassisk.

Velkommen til en stemningsfull stund i kyrkja!



SLEKTERS GANG

Vestnes kyrkje

Døypte:

13.04. Iben Nårstad Taklo
11.05. Nola Vik Brunvoll
20.05. Aron Villa (døyppt i sjøen)
20.05. Victor Furland Frostad (døyppt i sjøen)
25.05. Ask Utgård Vik
05.06. Alvin Oscar Bjørkevoll Skavnes
17.08. Agnes Hovde Sellereite (døyppt i Bårdsnesosen)
31.08. Leah Sjøholt Hovde
14.09. Mio-Nathaniel Sommerseth Liabø
28.09. Astrid Overaa Hildremyr
12.10. Noah Bech Nyheim
12.10. Margrethe Kirkeslett
12.10. Melissa Strømsnes Kolstad
12.10. Hennie Karlsen Sunde
26.10. Mille Bøe Stavem
26.10. Johanne Rundtom Stokkeland

Vigde:

10.05. Kirsti Lysberg og Kenneth Hansen
12.07. Eirin Helen Bueide Gulla og Stian Viseth Hauvik
26.07. Marie Kristine Koteng Nicolaisen og Anders Kvernmo Langset
08.08. Ewa Teresa Osiecka og Geir Kåre Sandnes
30.08. Ingvild Gulli og Mats Inge Skorgen

Døde:

15.03. Geir Åge Skudal
18.03. Egil Melby
28.03. Rolf Magnar Østigård
28.03. Karsten Øyvind Tomren
08.04. Turid Skuseth
16.04. Rolf Dalsbø
22.04. Sunneva Torkildson
20.05. Ingeborg Kristin Rødseth Vågen
28.05. Heine Stokkeland Misfjord
29.05. Harald Leidulf Henriksen
04.06. Edit Aslaug Øverås
10.06. Anne Marie Heggem
22.06. Anne Grete Knoph

02.07. Per Ivar Tennøy
03.07. Magne Peder Eik
08.07. Gerd Irene Grimsø
10.07. Anne Kristin Fostervoll
30.07. Knut Aas
03.08. Alexander Robert Connor
14.08. Terje Kjetil Holseter
17.08. Svein Hilmar Nekstad
30.08. Ole Harald Aas
02.09. Vivian Mundal
07.09. Eilif Nakken
08.09. Oddbjørn Nygård
19.09. Leif Inge Ellingseter
25.09. Håvard Folden
06.10. Tore Vestnes
03.10. Mary Elfrida Gussiås
13.10. Neonila Semina
20.10. Ingunn Vatnehol

Tresfjord kyrkje

Døypte:

21.04. Elise Stavem Hole
21.04. Scarlett Lange
05.10. Gabriel-Olai Kismul Pollestad
05.10. Ella Djupvik Borg
05.10. Torunn Kjersem Havrevoll

Vigde:

11.04. Marit Therese Sørholt og Jørn Sætre
11.04. Tove Frostad og Bjørn Arild Sætre
07.06. Tiina Iida Maria Puumalainen og Lasse Mjøs Værholm

Døde:

14.03. Margit Frostad
15.03. Arne Mindor Kjøpstad
11.04. Petra Hoem
09.05. Jorulv Straume
05.06. Sigrid Honningdal
02.07. Nils Arild Høgseth
15.07. Irene Bjermeland
15.07. Liv Øvrebø
25.07. Sissel Marie Smisetfoss
18.08. Borghild Skoglund
25.09. Turid Marcellussen
30.09. Astrid Margit Valle
24.10. Torunn Marit Vestre Kjersem

Vike kyrkje

Døypte:

17.04. Linnea Taveras Bjørkevoll
03.08. Roy Blindheim Ødegård
31.08. Nikoline Gjelsten Solberg
16.11. Sofie Vikås-Bjermeland

Døde:

19.04. Lidveig Vinsrygg Eikeland
27.07. Paul Magne Gåsøy
04.08. Bernt Viddal

Fiksdal kyrkje

Døypte:

26.04. Birk Søberg Hanssen
26.04. Livia Husevåg Søberg
25.05. Luke Hammersland Rekdal
15.06. Maya Rekdal (døyppt i Øygardsbukta)
06.07. Lukas Blindheim Rafteseth
10.08. Vårinn Willa Innerdal
10.08. Alma Marie Qvam Gjelsten
21.09. Caspian Anundsen-Gagnat

Vigde:

21.06. Åsne-Mari Svartdal Sveia og Anders Rishaug
28.06. Cristina Elsa Fernandez Gjelsten og Jesus Castano Candela

Døde:

02.05. Einar Andreas Fiksdal
16.08. Bjørn Gøsta Frostad
05.10. Arnhild Relling Fiksdal

Vågstranda kyrkje

Døde:

29.03. Astrid Vikås
16.08. Svanhild Vik
18.10. Erik Kåre Lien

GUDSTENESTER I VESTNES

Oversikt over gudstenestene er også å finne i Vestnesavisa og Bygdebladet.
I tillegg kan de til ei kvar tid finne oversikta på heimesida til kyrkja: www.vestnes.kyrkja.no.

29. nov. laurdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00
Adventsong. Lys våken og utd. til 5. klasse.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

07. des. 2. s. i advent

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Kirkens SOS.

Stella Maris kl. 16.00
Gudsteneste.

Vike kyrkje kl. 18.00
Lysmesse. Takkoffer til Kyrkjebladet.

14. des. 3. s. i advent

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

24. des. Julaftan

Vestnes kyrkje kl. 13.30
Julaftangudsteneste.
Takkoffer Kirkens Nødhjelp.

Vestnes kyrkje kl. 15.00
Julaftangudsteneste.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Vike kyrkje kl. 14.00
Julaftangudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Tresfjord kyrkje kl. 15.30
Julaftangudsteneste.
Takkoffer til Kyrkjestova.

25. des. 1. Juledag

Fiksdal kyrkje kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.

Vågstranda kyrkje kl. 14.00
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Frelsesarmeen.

26. des. 2. juledag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Stefanusalliansen.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00
Høgmesse. Takkoffer til Sjømannskirka.

04. jan. Kristi openberringsdag

Vike kyrkje kl. 16.00
Felles Nyårsfest. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal.

11. jan. 2. s. i openberringstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00
Høgmesse. Takkoffer til Bibelselskapet.

18. jan. 3. s. i openberringstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00
Høgmesse. Takkoffer.

25. jan. 4. s. i openberringstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

01. feb. Såmannssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00
Høgmesse. Takkoffer.

08. feb. Kristi forklaringsdag

Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Kyrkjebladet.

15. feb. Fastelavnssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00
Høgmesse. Takkoffer.

22. feb. 1. s. i fastetida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Tårnagenter. Takkoffer til Søndagsskolen.

*Tomreford kristne
forsamlingshus kl. 13.00*
Høgmesse. Takkoffer.

01. mars 2. s. i fastetida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste
Tårnagenter. Takkoffer.

Vike kyrkje kl. 13.00
Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd. Årsmøte.

08. mars 3. s. i fastetida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer. Årsmøte.

11. mars Askeonsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Felles skriftemålgudsteneste for alle sokna.

15. mars 4. s. i fastetida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Tårnagentgudsteneste, felles med Vike og Vågstranda. Takkoffer.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00
Høgmesse. Takkoffer til Misjonsprosjektet. Årsmøte.

29. mars Palmesøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

2. april Skjærtorsdag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

Vike kyrkje kl. 18.00
Kveldsgudsteneste. Takkoffer til Stefanusalliansen.

03. april Langfredag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Langfredagsgudsteneste.

Stella Maris kl. 16.00
Nattverdsgudsteneste

5. april. Påskedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste. Takkoffer.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Israelsmisjonen.

06. april. 2.påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste. Takkoffer.

19. april 3. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

VIPPSNR. FOR OFRING:

Vestnes sokn:
108523

Vike sokn:
89676

Tresfjord sokn:
513574

Fiksdal sokn:
555355

Vågstranda sokn:
502022